



Leiar

SLÅ ATTENDE OPPORTUNISMEN, STYRK DEN REVOLUSJONÆRE RØRSLA.

KAMERATAR Velkomen til Raud sommarleir på Hjelle 1975, både du som er ny på leir, og du som har vore på leir før.

Det er viktig å komme raskt i gang med det reinte praktiske, (sette opp telt, innsjekking osv.), for då kan vi raskare kome i gang med det politiske opplegget. Det er viktig at kvar leirdeltakar er aktiv og initiativrik og ikkje set seg på rompa og ventar på utspel frå leirleiinga. På ein kommunistisk sommarleir som i samfunnet elles er det massane som er drivkrafta og ikkje eit fåtal leiarar. Men for at alle deltakarane skal kome i rørsle må ein ta omsyn til skilnaden i erfaring og politisk nivå. Dvs. du som er erfaren og har vore på sommarleir før, må stille deg i spissen og la dine positive og negative leirerfaringar kome dei andre tilgode. Og du som er organisert har spesielt ansvar for å ta deg av dei uorganiserte. Til deg som er ny og uerfaren: Ver ikkje redd for å stille "dumme spørsmål". Du har rett på svar, men hugs at også dine erfaringar frå arbeids- og samfunnsliv er nødvendig for at vi skal kunne utvikle ein rett kommunistisk politikk som tener folket.

Dei omne som skal diskuteras på leiren er: Tariffoppgjeret og krisa. Dei borgarlege arbeidarpartia. Og den internasjonale situasjonen. Det er avgjerande for den vidare klassekampen at ML-rørsla har ein rett politikk på desse sakene. Ein kan med skrekk og gru sjå alle dei revisjonistiske standpunkt som SV har teke i desse sakene. Difor tykkjer vi at SLÅ ATTENDE OPPORTUNISMEN, STYRK DEN REVOLUSJONÆRE LINA er ein høveleg hovudparole for leiren i år.

Leirleiinga.

Om avisa:

Leiravisa bør bli eit bilete av livet i leiren. Vi vil prøve å presentere ein del stoff frå dei viktigaste diskusjonane som skal vere den dagen avisa kjem ut. Vi vil ha oppsummeringar frå seminara, presentere breidda i kulturen og idretten, rapportar frå leirarbeidet osv. Hugs: Leiravisa er deltakarane si avis. Kom difor med innlegg, kritikk, dikt, viser og andre ting.

FRAM FOR EIN LEVANDE DEBATT PÅ VEGGAVISA OG I LEIRAVISA.

Red.

F... T...
Mange ser på ein sommarleir som ein sit sosialistisk samfunn i miniatyr. Sjølv om mykje manglar på at vi har eit sosialistisk samfunn, må vi gjere alt for å få leiren til å bli eit revolusjonært kollektiv. For å få eit slikt kollektiv må vi byggje på prinsippa for demokratisk sentralisme.

Dette krev at ingen må vere passiv når det gjeld å utvikle leiren, dei er alle sitt ansvar at leiren vert veiklykka. På den andre sida må vi ha ei leiing på leiren, ei leiing som går i spissen for å drive fram leiren politisk og organisatorisk.

Mao Tse-tung seier: "I folket sine rekkjer er det demokrati i samband med sentralisme og fridom med disiplin". Det er dei to motsetnadane innanfor ei einaste eining, og vi må ikkje einseitig leggje vekt på det eine og forneakta det andre. I folket sine rekkjer kan vi unnvera fridom, men heller ikkje sentralisme. Det er denne eininga mellom demokrati og sentralisme, mellom fridom og disiplin som lagar vår demokratiske sentralisme. I dette systemet nyt folket godt av eit utstrekkt demokrat og fridom, men samstundes må det hakke seg innanfor den sosialistiske disiplinen sine grenser.

&1 Leiren er organisert etter demokratisk sentralisme. Høgste organ for brigaden er brigadeleiinga og for leiren leirleiinga, Følg tilvisingar frå leir og brigadeleiinga. Allmøte er høgste organ- leiinga er høgste organ når dette ikkje er mågeleg.

&2 Ro i leiren. det skal vere ro i leiren mellom kl. 23.30 og 8.00. Alle skal i denne tida vere inne på leironrådet. Etter vekking skal alle stå opp.

&3 Orden på leiren. Søppel og rot skal ikkje skengje rundt på leironrådet. Vi har eit kollektivt ansvar for at leironrådet skal sjå skikkeleg ut. Plast og metall skal pakkast inn.

&4 Helse. Når vi ersamla så mange på leir er det nødvendig å skjerpe dei førebyggjande tiltaka. Vask hendene i klorin etter dobesøk; drikk berre av eiga brusflaske, osv... DIAREEPEDIMI ER REAKSJONÆRT!!!

&5 Rusgifter. Det er forbåd mot å bruke alkohol og narkotiske middel den tida leiren varer. Bruk av rusmiddel kan føre til bortvising frå leiren.

&6 Følg truggjingstiltaka (instruks) frå leirleiing og sikkerheitsnasvarleg.

HELSE OG HYGIENE PÅ LEIREN

For at vi skal ha godt utbytte av leiren, er det viktig at helse-tiltakene er best mulig, slik at f.eks. smittsomme sykdommer ikke kan spre seg. Hvordan ligger forholdene til rette på dette leir-området? Vi må si dårlig. Eksempler: Folk i leiren bor stort sett i telt. Det er for lite vannklosetter på leirirområdet. Der er svært lite tilgang på varmt vann. Der er dårlige muligheter for lagring av mat (ikke kjøleskap). Vi må altså si at forholdene ligger vel til rette for at f.eks. diare kan bli en utbredt plage på leiren. Dette gjelder vel og merke viss ikke oss sjøl gjør noe for å hindre det. Men faktisk er det en hel del ting vi kan gjøre med disse problemene, og kanskje kan vi til og med gjøre en god ting til en dårlig ting, i og med at vi alle sammen får en bra kjennskap til den riktige politikken for leirhygiene. Det som er helt avgjørende viktig å forstå, er at helse vår er en politisk sak. Det gjelder både på kort og på lang sikt. I harde politiske kamper, og særlig i en revolusjonær situasjon, vil kommunister med god helse gjøre en bedre jobb enn kommunister med en dårlig helse.

På kort sikt: Hva slags politisk utbytte vil vi ha av leiren dersom alle sammen låg strøkne med magesjau? Helse til den enkelte leirdeltaker er altså en politisk sak. Som i andre saker kan helsepolitikken følge en av to linjer: Enten borgerlig individualistisk, eller proletær kollektiv stil.

En borgerlig linje vil satse alt på å utdanne fagfolk, "fantomer i hvit frakk", og overlate til dem når det dukker opp sykdom eller skader. En proletær linje må bety å satse på å mobilisere alle leirdeltakerne i helsearbeidet, og få alle til å føle leirhygiene som sitt kollektive ansvar.

Med utgangspunkt i dette har de helseansvarlige på leiren laget noen forskrifter som hver enkelt må følge. De kritiske punktene for å hindre diare smitte kan vi konkretisere sånn: Dass og mat.

Utenfor hvert WC og latrine finnes der to fat: Ett som det skal fylles vann i, og der foretas vanlig håndvask, hvoretter hendene tørkes med papirhåndkle. Deretter skal hendene dyppes i fat nummer 2, som inneholder kloramin. Etterpå det skal hendene ristes av. Vi presiserer at alle toalettbesøk skal foregå på WC eller latrine. Mannfolk skal altså ikke slå lens ute i buskene. Dette p.g.a. to ting: 1: Det blir fort lukt ut av slike busker, og 2: Det blir vanskelig for de andre leirdeltakerne å kontrollere at alle følger vaskerutinene dersom vi ikke gjør det sånn.

Når det gjelder maten satser vi på å bruke engangsbestikk. Dette er ikke så billig, men det sparer oss for arbeid, og det betyr svært mye for å hindre smittespredning.

Når folk skal vaske seg om morgenen og kvelden, foregår det på den oppsatte vaskeplassen. Hver enkelt skal ha sitt, såpe og håndkle. Vaskefat ogsåpe blir å fåkjøpt på butikken i leiren.

Dette er noen av de spesielle reglene som vi må gå etter på leiren. I tillegg har vi andre, mer selvfølgelige: Ikke kaste sigarettstumper o..a.. rundt omkring (tenk på ungene).. boss legges i de oppsatte bosspann og -poser.

Mange vi synes at dette er strenge greier. Til dette må vi si: Ta helseopplegget som den politiske oppgaven det er! Kom med kritikk og forbedringer!

Det vil også bli en egen legetjeneste på leiren. Der blir eget legerom med kontortid. Legen blir også å treffe utenom denne, om noe ekstra skulle komme på.. I hver brigade blir det dessuten en barfotlege. Hans/hennes oppgave blir å hjelpe til med plaster o.l ved små sår o.l. Dessuten har "barfotlegen" det øverste ansvaret for at folka i hans/hennes brigade følger de hygieniske reglene, og barfotlegen skal ta initiativ til diskusjoner om helsetjenesten.

Helseansvarlig.

Idrett - eit middel i folket sin kamp .

Alle kommunister sitt mål er revolusjonen og sosialisme. For å nå dette målet trengst hard og lang kamp. Historia lærer oss at kampen for sosialisme ikkje kan vinnast berre gjennom den politiske forståinga som er naudsynt for kampen. Me fører i dag. På lengre sikt må me og auke den politisk forståinga for idrett, forståinga for fysisk styrke.

I dag når reaksjonen veks og monopolkapitalen tek nye metodar i bruk for å knekkje folket sin kamp, har det og stor politisk tyding at me er i stand til å slå attende åtaka. Dei ny- nazistiske organisasjonane driv medvite med fysisk fostring, og me har døme på at dei har brukt vold. (1. mai i år). Men me kan ikkje sjå på desse osolert. Dei er eit nytt reiskap som monopolkapitalen nyttar for å halde makta si no når motsetningane skjerp ar seg. Itida framover må me vere budd på å møte valdshandlingar både frå facistar og politi. På lenger sikt må me og sjå på den internasjonale stoda. Supermaktene rustar ppp. Tilhøvet mellom desse og mellom supermaktene og den 3. verda tilspissar seg. Faren for ein ny verdskrig er stor. Raud Ungdom si line er folkeforsvar. Skal me kunne makte å gjennomføre det, må me allereide no satse på å utvikle ein god fysikk. For å oppnå dette må me kome bort frå eliteidrettem. Det er mange som ikkje deltek i idrett på grunn av jaget i toppen. Målet for oss må vere at alle deltek på lik line uansett korleis dei hevdar seg. Samkjensle og godt miljø må legge grunnlaget for masseidretten.

Me oppfordrar folk til å ja med seg ting som kan nyttast i idretten (badmington-sett, ballar, tingsom kan aktivisereborna osv..)

SLUTT OPP KAMERAT

Idrettsutvalet.

FRAM FOR EIN BLOMSTRANDE KULTUR.

" Vårt mål er å sikre at den revolusjonære litteraturen og kunsten fylgjer ein rett utviklingsveg og yter bedre hjelp til det øvrige revolusjonære arbeidet, for lettare å styrte vårt lands fiende og gjennomføre den nasjonale frigjeringa." (Fra "Taler på enan-konferansen om litteraturen og kunsten av Mao-TseTung.)

Vi er midt oppe i ei tid då vår nasjonale friheit trugast av stormaktene sine framstøyt, og det er viktig at alle midlar vert brukt i kampen mot desse. Kulturen er ein viktig del av folkelivet, og det er difor naudsynt at denne og vert brukt på rette måten.

Det finnast to linjer i kulturarbeidet. Ei linje som hevdar at kulturen er uavhengig av klassane og berre skal ha ein "høg kunstnerisk kvalitet." Då all kunst har ein verknad, er dette sjølvmotseiande, og denne forma for kultur må difor i hovedsak fungera reaksjonært. Den andre linja er at kulturen gjen- speglar klassane sine kampar og liv, og at den difor er eit redskap for dei. Altså, arbeidarklassen sin kultur er eit våpen i den daglege kampen dersom den nyttast rett.

Ein sumarleir er og eitt ledd i arbeidet for sosialismen og i kampen mot supermaktene og den indre fienden, reaksjonen, Leiren vil utvikle politikken vår og gje ny entusiasme. Det er då naturleg at kulturen får sin klare plass, og at den vert utvikla til eit slagkraftig og lydhøyrte redskap.

Korleis skal vi greie dette ? Kulturen skal ikkje koma frå ein eller kanskje nokre få "profisjonelle", den skal blomstre i takt med utviklinga av diskusjonane og leirlivet - og vera eit speil av dette. For at dette skal fungera må alle sjå det som si oppgåve å driva kulturarbeidet framover.

(snu)

Men ingen ting fungerer utan planmessig arbeid, demokrati og sentralisme. I praksis vil dette seia at kvar brigade må ha ein kulturansvarleg som saman med leirleiinga sin kulturansvarleg utgjer ein fortropp i kulturarbeidet. Men det er massane og deira initiativ i kvar brigade som må vera den verkelege drivkrafta i ein blomstrande kultur. Også gruppene skulle ha ein god forutsetning for kollektivt kulturarbeid. I forrige nummer vart ideen om kulturverkstad sett fram, og om denne ideen er levedyktig er avhengig av leirdeltakarane sin oppsummering av verkstaden sine politiske funksjonar. Verkstadane skal innleiingsvis fungera som samlingsstad for kulturaktivitetane, og i praksis ville det vera greit om brigadane (event. gruppene hadde kvar sin tårn der. På denne måten vil kulturen verta noko for alle, og kritikk og utvikling av den er ei leiroppgåve. Kulturansvarlege har og ei viktig oppgåve her - dei skal syrgje for at diskusjonane om kulturen stadig pågår, og dei skal at initiativ til mobilisering av massane og oppsummere arbeidet. Kulturansvarlege må altså allerede frå fyrste dag ta initiativ og sparke igang aktiviteten.

LA HUNDRE BLOMSTER BLOMSTRE - OG LA VÅPENA BLI STERKE !!

TIL KAMP MOT SUPERMAKTENE OG REAKSJONEN MED DESSE !!

Kulturansvarleg.

VEND
AKP

TID	SØNDAG	MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	TORS DAG
-8 ⁰⁰	STÅ OPP. MORGONGYMN.				
-10 ⁰⁰	FRUKOST				
	JOBING MED RIGGING AV TETT VEGGAVIS ETC.	RU SUPER- MAKTENE -INNLEING -DISK.	KUL. SUPER- MAKTENE -DISK.	DI. BORGARL. AP. -DISK	RU REAKSJON -INNLEING -DISK.
13 ⁰⁰	IKKJE MIDDAGS TID			ADRETTSDAG	FRI
15 ³⁰	INNSJÆKKING	RU SUPER- MAKTENE	RU RU	RU BORG. AP -INNLEING -GRUPPE- DISK.	RU -GRUPPEDISK.
18 ⁰⁰	DISKUSJON OM REGLEMENT ETC. I GRUPPENE		DI OPPSUMMI BORGARL ARB.	DI INT. SIT -DISK TIL 17 ³⁰	FRI
20 ⁰⁰	ÅPNING. PLENUM	RU BRIGADESAML	RU OPPSUMMERING	RU TELLES KULTUR?	RU OPPSUMME AV REAK- SJONEN PLENUM
		DI BRIGADESAML	DI OPPSUMMERING	DI TELLES KULTUR?	RU BRIGADE- SAMLING

1900					
1800					
1700					
1600					
1500					
1400					
1300					
1200					
1100					
1000					
900					
800					
700					
600					
500					
400					
300					
200					
100					
0					

NB!

Itillegg vil det bli eit oppleg. for aksjon i forbindelse med valet. Dette saman med dugnad i nabolaget skal plasserast p  ledige tider p  nokre dagar. Dagsorden er den vi g r utifr  no, men det kan skje endringar.

Leirledelsen.

Orientering og instruks om sikkerheite på leiren.

På Raud Front-leirane legg vi stor vekt på revolusjonar merksemd og disiplin. Dette for å verne deltakarane mot registrering og trakassering.

Sikkerheitspolitiet, CIA/KGB, arbeidgjevarforeninga driv registrering av revolusjonære, for å hindre "infiltrasjon" og "undergraving" i ulike samanhengar. Resultatet ser vi t.d. i rekkje av politiske oppseiingar, av klassebevisste arbeidarar, m.a. Hammarverket. Det er vår linje at agentar, anten dei oppheld seg blant deltakarane eller i området rundt leiren, skal få minimalt utbyte, om dei er aldri så slue eller opererer med avansert teknisk utstyr.

Difor har vi på leiren ein del sikkerheitsreglar:

- & Bruk alltid dekknamn.
 - & Oppgje ikkje organisjonstilknyttin, bustad, arbeidsplass, o. korkje for deg sjølv eller andre.
 - & Bruk ikkje fotoapparat eller lydband.
 - & Meld mistenkelege tilhøve straks til sikkerheitsansvarleg.
 - & Dekk til skilt på bil og motorsykkel.
 - & Føl sikkerheitsinstruksen og pålegg frå ordensvernet.
- Utanom desse allmenne reglane må det gjelde nokre spesielle reglar for leiren vår:
- & Oppgje uoppfordra kvar/kva du skal, når du går frå telt-leiren passar vakta på fylgjande postar: Hovudporten på teltleiren, vakta ved ungdomshuset, vakta i øvre område av leiren.
 - & Vis uoppfordra leirkortet når du kjem til og passerar ungdomshuset, skal inn i ungdomshuset, inn hovudporten eller passerar vakta i øvre ende av leirområdet.
 - & Bruk hovudporten på teltleiren når du kjem og går. (Skal du på tur i skogen inn mot fjellet, kan du passere vakta i øvre ende av teltleiren.
 - & Det er forbode å ferdast rundt hotellet og kolonialhandelen. Ved sida av at bygdefolket vil vere takksame for ikkje å bli oversende, så har eit slikt forbod og ei sikkerheitsmessig grunngeving. "Forbod" kan høyrast litt krasst ut, men tenk deg ein agent iført fotoapparat innlosjert på hotellet. Utan eit forbod ville han ha fotografert alle deltakarane i laupet av 1½ dag. Raskt og greitt. Inn i arkivet. Agenten vår skal imidlertid få registrere fylgjande:
 - brigadeansvarlege for innkjøp
 - middagsgjengen
 - deltakarar som av spesielle grunmar har fåttdispensasjon av leirleiinga. (ingen skal få klaustrofobi av dette forbodet. Det er høve til å dra på tur i terrenget, ferdast på idrettsplassen, dra på aksjonstur, etc.
 - Innkjøp for individuelle behov vert organisert av innkjøpsansvarleg i brigaden eller vert ordna i kiosken i ungdomshuset.)
 - & Vis største varsemd med open eld og sigarettar. Dette gjeld alment, men spesielt for teltleiren og det knusk-tørre ungdomshuset. Fordel å ha ein kniv i teltet i tilfelle brann. (Brann eller andre vil leggje leiren open for politietterrøkjing og registrering.)
 - & I tilfelle provokatørar, brann, politiinnrykk eller andre uønska og uforutsette hendingar: Ta det med ro, orienter deg etter leirleiinga sine anvisingar.
 - & Ha ein venleg stil overfor bygdefolk og folk du møter rundt leiren. Vi toler ingen tabbar med å forveksle vanlege folk med provokatørar og fascistar. Ei skikkeleg masselinje er ofte vårt beste sikkerheitsarbeid. Det vil bli ei nærare orientering om sikkerheits- og vakt-opplegget på plenumsrådet søndags kveld.

Sikkerheitsansvarleg.